



ÅRSMØTE IL SKARPHEDIN

Torsdag 30.mars 2017 kl. 18:30 på Sandvoll

PROTOKOLL

1. Opning

Leiar Brynjulv Eika opna møtet

Det møtte 13 medlemmer på årsmøtet. Årsmøtet var dermed vedtaksført.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknadar til innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste godkjent.

3. Konstituering

Møteleiar: Brynjulv Eika Sekretær: Olav Finstad

Underskrive protokollen: Renate Øien og Magne Sanden

4. Årsmelding for hovudstyret 2016

Vedtak: Årsmeldinga for 2016 vart samrøystes godkjent.

5. Særgruppene sine årsmeldingar/årsrekneskap 2016 og handlingsplanar/budsjett 2017

(alpingruppa, barneidrettsgruppa, fotballgruppa, friidrettsgruppa, handballgruppa, langrennsgruppa, svømmegruppa, sykkelgruppa)

Vedtak: Årsmøtet tar særgruppene sine årsmeldingar og årsrekneskap for 2016 til orientering.

Årsmøtet godkjenner særgruppene sine handlingsplanar og budsjett for 2017.

6. Økonomi

Ordstyrar gjekk gjennom hovudtala i rekneskapen, og revisor og kontrollkomite refererte kort frå sine meldingar til årsmøtet.

Vedtak: Årsrekneskapen for hovudstyret 2016 samrøystes godkjent.

Vedtak: Totalrekneskapen for IL Skarphedin 2016 samrøystes godkjent.

Vedtak: Revisjonshonorar blir godkjent etter tilsendt rekning.

7. Opptak av Bø Volleyballklubb som ny særgruppe i IL Skarphedin

Vedtak: Bø Volleyballklubb blir tatt opp som ny særgruppe i IL Skarphedin; Skarphedin volleyball. Opptaket skjer med verknad frå 1.1.2017

Vedtak: Budsjettet til Skarphedin volleyball tatt til orientering.

8. Medlemskontingent 2018

Vedtak: Årsmøtet godkjente framlegg til kontingent på kr 150,- for 2018. Ein medlem røysta for å oppretthalde kontingenten på kr. 100,-, 12 for framlegget på kr. 150,-.

9. Handlingsplan hovudstyret 2017

Vedtak: Årsmøtet godkjente samrøystes framlegg til handlingsplan for hovudstyret for 2017

10. Budsjet for hovudstyret 2017

Vedtak: Årsmøtet godkjente samrøystes framlegg til budsjett for hovudstyret for 2017

11. Val

Valnemnda ved Geir Tore Vreim la fram si innstilling for årsmøtet. Innstillinga var slik:

Leiing:

Leiar 01.04.2017-31.03.2018: Brynjulv Eika – fotballgruppa.

Nestleiar 01.04.2017-31.03.2018: Ingunn Espeset Vreim – handballgruppa.

Valnemnda ser det som hensiktsmessig at leiar og nestleiar sit i eitt år, framfor bytte kvart halvår. Årsaka til at valnemnda meiner dette er mest fornuftig, er kontinuitet og ei klar og forutsigbar rollefordeling gjennom heile valperioden.

Elles består hovudstyret 01.04.2017-31.03.2018 av:

Kjell Øystein Haugen – alpingruppa

Ingebjørg Momrak – barneidrettsgruppa

Rune Romnes – friidrettsgruppa

Renate Øien - svømmegruppa

Morten Danielsen – sykkelgruppa

Andre Horgen - langrennsgruppa

Marius Norli – volleyballgruppa

Kontrollkomite:

Solveig Svardal attval 2 år

Jan Berge ikkje på val

Vedtak: Brynjulv Eika vald til leiar i klubben.

Ingunn Espeseth Vreim vald til nestleiar i klubben.

Solveig Svardal gjenvald til kontrollkomitéen.

Alle val var samrøystes og i tråd med innstillinga frå valnemnda.

Valnemnd: Geir Tore Vreim (handball) og Olav Halkinrud (barneidrett) tok attval som valnemnd for 2018.

Renate Øien

Protokollen er godkjent:

Magne Sanden